



Hjelmås VVS AS
Leknesvegen 183
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2480 - 16/26580

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
28.09.2016

Svar på førespurnad - gbnr 11/74 Hølleland.

Vi viser til din e-post av 08.09.2016. Vi har følgjande tilbakemelding på dine spørsmål:

Nabovarsel

Vedlagt søknaden er det eit vedlegg som er merka nabovarsel, men innhaldet i vedlegget er sjølve søknaden og ikkje dokumentasjon på nabovarsling. Fint om du kan senda kvittering for naovarselet inn på nytt.

Plangrunnlaget

Eigedomen ligg i område som er avsett til byggjeområde Plankravet føl av godkjend plan for området som er kommuneplanen, jf punkt 1.1 der det står følgjande:


1 GENERELLE FØRESEGNAR OG RETNINGSLINER, PBL § 11-9

- 1.1 Areal sett av til bygg og anlegg etter pbl § 11-7 nr. 1 og samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur etter pbl § 11-7 nr. 2, skal inngå i reguleringsplan før tiltak som krev søknad og løyve etter pbl §§ 20-1 og 20-2 vert tillate, med mindre anna er sagt under det enkelte føremål. Reguleringsplanen skal vise plassering av bygningar og anlegg, planerings- og bygningshøgder samt terrenghandsaming. Heimel: Pbl § 11-9 nr. 1.

Slamtømming

Ut frå kartgrunnlaget er det ikkje mogleg å stetta krava i slamtømmeforskrifta dersom slamtømming skal skje frå snuplassen. Det er mogleg at slamtømming kan skje ved å stå lenger nord på tilkomstvegen, men dette må det gjerast greie for.





Vi beklagar at det vert gitt sein tilbakemelding i saka. Ny frist for innsending av tilleggsdokumentasjon vert sett til 01.11.2016.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Hjelmås VVS AS

Leknesvegen 183 5915

HJELMÅS